



## Årsmelding for hovudstyret for 2024

### **Styret 2024**

|                          |                             |
|--------------------------|-----------------------------|
| Leiar                    | Torborg Kleppa              |
| Nestleiar                | Jan Robert Nijmeijer        |
| Kasserar                 | Brit Dagrøn Hetlelid        |
| Sekretær                 | Monica Svendson             |
| Leiar handballgruppa     | Inger Christina Nilsen Gjil |
| Leiar ski- og trimgruppa | Jofrid Hia                  |
| Leiar fotballgruppa      | Jarle Mjølhus               |
| 1. vara                  | May Linn Mæhle              |
| 2. vara                  | xx                          |

Medlemmer i idrettslaget pr 31.12.24 var 426, mens betalande medlemmer var 406.

### **Møter**

Hovudstyret har hatt totalt 8 styremøte i 2024.

Årsmøtet blei gjennomført 13. mars 2024 i Klubbhuset på Hjelmeland.

Leiar/andre representantar frå idrettslaget har hatt fleire kontaktmøte med Hjelmeland kommune. Leiar har også delteke på felles kontaktmøte mellom kommune og lag og organisasjonar i Hjelmeland.

### **Aktivitet**

Aktiviteten i idrettslaget skjer først og fremst gjennom aktivitet i gruppene.

Me viser til gruppene sine årsmeldingar.

### **Dugnad**

Dugnad er eit veldig viktig bidrag til drifta av Hjelmeland idrettslag. Noen av dugnadsjobbene handlar om å skaffe inntekter til idrettslaget, andre om frivillig arbeid for å få løyst arbeidsoppgåvane knytt til drifta av laget. Sjølv om vi har gode sponsorar, vil vi aldri kunne drive idrettslaget med slik aktivitet som i dag utan denne dugnadsinnsatsen.



Hjelmeland il bidrog med dognadshjelp i samband med flytting av inventar og lausøyre frå den gamle ungdomsskulen og inn i mellombels brakkeskule. Takk til alle som bidrog med sterke musklar og godt humør!

Hjelmeland il stilte med dognadsgjeng til rigging og vakthold under konserten med Bjørn Eidsvåg i Vågen i juli. Det ble også stor dognadsinnsats under Ryfest i september. I tillegg til at styret og gruppene legg ned en stor innsats i planlegging og administrering av denne jobben.

## «Ope klubbhus»

Fritidstilbodet «Ope klubbhus» er inne i sitt tredje driftsår. «Ope klubbhus» er tysdag og torsdag frå kl 15 - 18. Tilboden blir først og fremst nytta av barn frå 5. – 7. kl. Det har vore innom om lag 20 barn kvar gong, og i overkant av 40 barn har vore innom tilboden ein eller fleire gonger.

Idrettslaget har motteke støtte frå Hjelmeland kommune og BufDir for å driva dette tilboden. Henrik Grønvik var tilsett som aktivitetsleiar og har drifta dette tilboden fram til han sa opp stillinga si frå august 2024. Me fekk ikkje rekruttert ny aktivitetsleiar, og det har ikkje vore «Ope Klubbhus» frå august til desember. Ny stilling blei utlyst i desember, og målet er å få tilboden opp å gå igjen i løpet av våren 2025.

## Medlemsregister

Idrettslaget skifta i 2022 system for medlemsregister, og brukar nå Norges Idrettsforbund sitt system; Klubbadmin. Vi får nå i større grad inn medlemskontingeneten. Men det er framleis utfordringar med å få nye medlemmer til sjølv å melde seg inn via MinIdrett.no.

## Kommunikasjon

Ein av laget sine utfordringar er å lukkas med kommunikasjon, både internt i laget, og ut mot omverda.

Heimesida er i løpet av 2024 oppdatert, men det er framleis eit forbettingspotensial.

Det er også tatt i bruk Spond som kommunikasjon internt i laget.

## Sponsor

Idrettslaget hadde i 2024 avtale med 11 ulike sponsorar om ein fleirårig sponsoravtale, med eit samla sponsorbeløp på 624 000. Dei to klart største sponsorane er MOWI og Hjelmeland Sparebank, nå Rogaland Sparebank, som begge har støtta idrettslaget over fleire år.

Idrettslaget er veldig glade for det gode samarbeidet med har med desse to, og med alle dei



andre sponsorane. Dette gjer at dugnadsinnsatsen til medlemmene og foreldre i stor grad kan nyttast til trening og arrangement, og i mindre grad knytt til arbeid med å skaffa inntekter til laget.

## Økonomi

Idrettslaget har om lag 2,2 mill. (2,2 mill. i fjor) i driftsinntekter, og driftskostnadene på om lag 1,9 mill. (2,1 mill. i fjor), og eit årsresultat på om lag kr 247 000 (kr 98 000).

Eigenkapital på kr 3,9 mill. (3,7 mill.) derav 2,5 mill. i fond for investeringar (vedteken på årsmøte i fjor).

Gjelda er på 0,4 mill. (1,3 mill. i fjor), og samla bankinnskot på litt over 1,8 mill. (1,5 mill. i fjor). Dette går fram av årsrekneskapen.

HIL hadde god likviditet i 2024. Årsaka til årsresultatet er først og fremst ekstra inntekt for utleie av klubbhuset til ungdomsskulen, samt mindre aktivitet og følgjeleg mindre driftskostnadene.

Idrettslaget har ein stabil og grei økonomi som gir grunnlag for den daglege drifta. Ein stor del av inntektene kjem frå ulike tilskot, som aktivitetsmidlar frå idrettsforbundet, driftsstøtte frå Hjelmeland kommune, og diverse tilskotsordningar som idrettslaget nyttar seg av. I 2024 fekk idrettslaget også ekstra leigeinntekter på klubbhuset frå ungdomsskulen (dette vil gjelde fram til juni 2026).